Fyresdal kommune

Sektor for kultur og oppvekst

# Samarbeid

## Heim/skule/barnehage



Fyresdal kommune

# Forord

Det er viktig at alle har ansvar for ein god dialog mellom heim/skule/barnehage.

Denne planen er laga i samarbeid med FAU og foreldrerådet i barnehagen.  Planen er forpliktande for alle partar.

| Samtaler med foreldre/barn | |
|---|---|
| Skulen | Barnehagen |
| Gjennomføre minst 2 samtaler i året, der vi ynskjer at elevane er med. | Gjennomføre minst 2 samtaler i året. |
| Innkalling minst 10 dagar før samtalene | Gjennomføre samtale ut i frå iup-stegark med 5-åringane. |
| Gjennomføre samtalene ut frå iup-stegark, sosialt læringsmiljø og fagmål i andre fag. | Det er til ein kvar tid mogeleg å kontakte ped.leiar for formell/uformell prat. |
| Det er høve til å snakke med faglærarar i basisfaga i u-skulen. | |
| Samtala ender opp med ei oppsummering og ei eventuell forpliktande avtale | |

| Foreldremøte | |
|---|---|
| **Skulen** | **Barnehagen** |
| Det skal gjennomførast minst 2 klasseforeldremøte i året. Innkalling minst 10 dagar før.<br>Haustmøte er både steg/klasseforeldremøte.<br>Før møta har både stegleiarar og kontaktlærarar møte med foreldrekontaktane – formøte.<br>Stegleiarane kallar inn til formøta.<br>Haustmøte er informasjonsmøte.<br>Vårmøtet skal innehalde evaluering av året, og det skal gjennomførast val av foreldrekontakt.<br><br>På foreldreskulen må foreldra vele representant til fau for 1. klasse.<br><br>Vårmøtet skal vera i mars/april.<br><br>Det skal vera eit orienteringsmøte kring vidaregåande utdanning for 9. og 10.klasse. Dette møtet er på hausten. | Det skal gjennomførast 2 foreldremøter i året.<br><br>Haustmøte er informasjonsmøte.<br>Presentasjon av årsplan og fokusområde.<br><br>Foreldrekontaktane får eiga tid om det trengs.<br><br>På våren vert det evalueringsmøte med foreldrerådet og eventuelt foreldremøte. Gjerne i samarbeid med skulen.<br><br>Eventuelt eit temamøte på "flyt" i løpet av barnehageåret. |

| Foreldrekontaktane | |
|---|---|
| **Skulen** | **Barnehagen** |
| Vere bindeledd mellom foreldre og skule, og bindeledd mellom FAU og klassa. Dei må halde foreldre orientert, og ta imot innspel frå foreldra. | Vere bindeledd mellom foreldre og barnehage |
| Vere med i FAU. | Vere med i foreldrerådet. |
| Vere med på formøte til foreldremøta. | Eventuelt vere med på formøte til haustmøte og godkjenne årsplan. |
| Syte for at det vert skrive referat frå dei aktuelle møta. | Syte for at det vert skrive referat frå dei aktuelle møta. |
| Ansvar for å organisere sosiale tiltak i klassa. | I samarbeid med barnehagen, lage til " bli - kjent" fest. |
| Ansvar for joleavslutning i småskulen. | Ansvar for karneval. |
| Ansvar for servering og kjøkkentjeneste til joleballet i u-skulen. | |
| Ansvar for avslutning i 4., 7. og 10.klasse. | |
| Foreldre og elevar i 9.kl. er med på kjøkken/serverer på 10.kl.fest om våren. | |
| Organisere og kalle inn til foreldremøte når dei har saker eller foreldra ynskjer det. Møta kan vera med eller utan lærar. | Organisere og kalle inn til foreldremøte når dei har saker eller foreldra ynskjer det. |

| FAU | Foreldreråd |
| --- | --- |
| **Skulen** | **Barnehagen** |
| Foreldrekontaktane dannar FAU. | Foreldrekontaktane dannar foreldreråd. |
| FAU skal medverke til godt samarbeid mellom skulen og heimane. | Foreldrerådet skal medverke til godt samarbeid mellom barnehagen og heimane. |
| Har forpliktande retningslinjer og rutinar som ligg i ein eigen perm, som kvart medlem har. | Fylgje og revidere plan for samarbeid barnehage/heim, i samarbeid med styrar. Rutinar ligg i ein eigen perm, som kvart medlem har. |
| FAU skal medverke til at foreldra tek aktiv del i arbeidet for å skape eit godt miljø. | Foreldrerådet skal medverke til at foreldra tek aktiv del i arbeidet for å skape eit godt miljø. |
| FAU skal få høve til å uttale seg om viktige saker som gjeld skulen. | Foreldrerådet bør uttale seg om viktige saker som gjeld barnehagen. |
| FAU skal bli orientert om nasjonale prøver, eksamensresultat og bruker - undersøkingar. | |
| FAU bør kvar haust lage ein plan for arbeidet sitt. Det skal fastleggjast 4 faste møter. Dato for møta bør stå på A-planen. | Foreldrerådet og styrar bør kvar vår bli einig om ein plan for neste år. Temamøte. |
| Det "gamle" FAU kallar inn til fyrste konstituerande møte om hausten. | Det "gamle" Foreldrerådet kallar inn til fyrste konstituerande møte om hausten. |
| Ved aktuelle saker kan FAU kalle inn elevrådsrepresentantar /representantar frå administrasjonen på Gimle. | |
| Kvar haust skal ein tilby kurs for medlemmane i FAU. | |

| Informasjon til heimen | |
|---|---|
| **Skulen** | **Barnehagen** |
| Kalender og foreldrehefte vert delt ut ved skulestart. | Årsplan, opplysningshefte og sommarbrev. |
| Vekeplan - Småsteg<br>Månadsplan – M-steg/U-steg | Månadsinformasjon frå kvar avdeling. |
| Fronter<br>Felles informasjon på kvart klasserom og på felles foreldrerom.<br><br>Vekeplaner/Månadsplanar<br><br>Faglege tilbakemeldingar på innleveringsmapper. M-steg/ U-steg<br><br>Digital meldingsbok – U-steg (orden og åtferd) | Foreldresamtaler |
| Meldingsbok – M-steg (orden og åtferd) | Foreldremøter |
| Karakterbok U-steg 2 gongar for året | Heimesida til barnehagen |
| Foreldremøter | |
| Utviklingssamtaler | |
| Heimesida til Gimle skule | |

| Samarbeidsutval (SU) |
|---|
| **Kultur og oppvekst** |
| Samarbeidsutvalet er samansett slik: 3 foreldre frå FAU (ein frå kvart steg), 2 foreldre frå foreldrerådet i barnehagen, 1 frå tilsette i kulturskulen, 1 representant frå lærarane, 1 frå andre tilsette ved skulen, 2 tilsette frå barnehagen, 2 frå kommunen ( rektor og 1 oppnemnt av KOO) og 2 frå elevrådet. |
| Har forpliktande vedtekter som ligg i eigen perm, som kvart medlem har. |
| Rektor kallar inn til møte, og skriv referat. |
| SU får sakene frå FAU i barnehage og skule. Dei får og saker frå kultur. |
| SU er sjølv arbeidsmiljøutval |

Eit skule/heim samarbeid som er prega av gjensidig respekt, positive haldningar og openheit kan fremje læringsprosessen hos einskildeleven.

(Thomas Nordahl)

